



Magne Geir Verlo
Noregs vassdrags- og energidirektorat

Dato: 25.02.2014
Vår ref.: 2014/10397-2
Dykkar ref.:

Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Viser til e-post sendt 20.11.2013 der Hordaland fylkeskommune er bed om å gje fråsegn til høyring av Statkraft Energi si søknad om bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord kommune.

Fylkesutvalet handsama i møte den 20.02.2014 sak 35/2014 og gjorde vedtak av følgjande fråsegn:

1. *Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.*
2. *Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje verte påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.*
3. *Statkraft må unngå forstyrning av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).*
4. *Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadarar og må takast vare på.*
5. *Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.*
6. *Statkraft sine eigne forslag til avbøtande tiltak er positive og nødvendige tiltak:*
 - *Minstevassføring*
 - *Støydempande tiltak*
 - *Miljøtilpassa byggeløysning:*
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.
 - *Revegetering:*
Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekkingsmassar. Tilsåing vert utført med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.
7. *Fylkesutvalet er positiv til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1-6 er oppfylte.*

Saken er også lagt ut på nettstaden <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Energi/Energipolitiske-vedtak-2014/>

Gudrun Mathisen
Klima og naturressurssjef

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.